

Kobbevågen Vel  
c/o Øyvind Ask Marøyvegen 59  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1760 - 22/21324

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
15.03.2022

## Endring av utsleppsløyve - Slamavskiljar - gbnr 428/123 Kvalheim nedre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 285/22**

**Byggestad:** Gbnr: 428/123  
**Tiltakshavar:** Kobbevågen Vel  
**Ansvarleg søker:** Haugen Vva AS  
**Type utslepp:** Sanitært avløpsvatn med utslepp større enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 13-17

### VEDTAK

**Det vert gjeve løyve til endring utsleppsløyve for fellesanlegg på gbnr 428/123 Kvalheim nedre på følgjande vilkår:**

1. Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til sjø som omsøkt og vist på kart. Leidning skal avsluttast ved om lag 700 meter og på minimum ca. kote – 20 m.
2. Den delen av leidningen som ikkje lenger skal nyttast skal takast opp og leverast på godkjent avfallsmottak.
3. Dersom utsleppsleidningen ikkje får jamt fall og ikkje fungerer tilfredsstillande skal det monterast pumpe for utpumping av avløpsvatn.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 13-6 til 13-16.

**Vedtaket er heimla i forureiningslova § 18, forureiningsforskrifta § 13-17.**

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av utsleppsløyve for felles slamavskiljar på gbnr. 428/123 Kvalheim nedre.

Det er i sak 117/06, datert 04.07.2006 gjeve utsleppsløyve for utslepp frå mindre avløpsanlegg.

Avløpsanlegget med tilhøyrande leidningsnett vart søkt utført i tråd med situasjonsplan datert 19.04.2006 og i samsvar med følgjande opplysningar gjeve i søknad datert 20.04.2006.

#### **Utsleppsleidning**

Det leggjast ein ø110mm PE80 PN6 heilsveist slange i grøft til kote -3,0. Vidare på sjøbotn, forankra med prefabrikkerte betonglodd.

Leidningen skal føres ut i sundet mot Helleosen/Hjeltefjorden, og avsluttes på kote -15m.  
I strandsona blendes leidningsgrøft med tørrmørtelsekkar.

Leidning hevast 1,0m over sjøbotn i ende for å hindra oppstuvning og betre spreiling i sjøvatn.  
Ved utlegging av utsleppsleidning vert botn kartlagd og endeleg trase bestemt av froskemann. Dersom leidningen ikkje får jamt fall, vil avlaupsvatnet bli pumpa ut.

I utsleppsløyve datert 04.07.2006 er det mellom anna sett følgjande vilkår:

- Dersom utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsmyndigheten oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om nødvendig kalle tilbake løyvet i samsvar med §18 i forureiningslova.

Ansvarleg søker Haugen VVA AS opplyser følgjande i søknaden:

#### **Begrunnelse for avkortning**

I mai 2016 rant det kloakk ut under et av lokkene i slamavskillertanken, lokket nærmest sjøen. Det viste seg at sjøvannsledningen var blokkert av skitt og gass som hindret fri gjennomstrømning. Det var en "propp" i systemet. Det ble prøvd å presse denne proppen ut med pumpebil, men forgjeves.

Leidning ble kuttet og enden på dagens utslippsledning er angitt på figuren under ifølge kryss angitt av Ø. Ask, Kobbevågen Vel.



Figur1. Kryss angir ende på utslippsledning

Ansvarleg søker har vist til Rådgivende Biologer AS sin resipientundersøkelse av Kobbevågen.

### **RESIDENTVURDERING**

Kobbevågen har en hyppig vannutskifting av overflatevannet, og vil derfor i utgangspunktet ikke være spesielt følsom for moderate tilførsler av næringssalter. Bassenget har et begrenset dypvannsvolum, der en fra naturens side balanserer på grensen av oksygenfrie forhold ved bunnen. Bassenget har derfor ingen gjenværende resipientkapasitet for tilførsler av organisk stoff.

### **KONKLUSJON**

Ansvarleg søker har gjort følgjande konklusjon:

Dybde der ledningen ble kuttet ved 700 meter er på c. kote -20m. Ut fra resipient vurdering i rapporten fra Rådgivende Biologer AS og bunnkart i figur 10 over mener vi at utslippsledningen kan avsluttes slik som den ligger i dag.

For å mere fart på avløpsvannet i utslippsledningen bør man montere pumpe.

### **VURDERING**

Kommunen har vurdert ansvarleg søker sine opplysninger om årsak til avkorting av eksisterande leidning og Rådgivende biologer si vurdering av resipienten i Kobbevågen. Det er eit felles mål å få til ei løysing som fungerer, oppstiving av kloakk i slamavskiljaren pga. manglende gjennomstrøyming er ikkje ei løysing som kan halde fram. Av den grunn må ein sjå på løysingar som gjev gjennomstrøyming til enden av leidningen.

Kommunen fastheld kravet frå opphaveleg søknad om at dersom leidningen ikkje har jamt fall skal det monterast pumpe for utpumping av avlaupsvatnet.

Kommunen set også om vilkår at den avkappa delen av leidningen med tilhøyrande lodd skal takast opp og leverast til godkjent avfallsmottak.

Søknad om endring av utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløsinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsledning er i forskriftsmessig stand og at anlegget vert drifta og vedlikehalde i samsvar med forureiningslova og forureiningsforskrifta.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 23.02.2022.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det

kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyremakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyremakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført servis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyremakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1760**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### **Mottakarar:**

Haugen Vva AS  
Kobbevågen Vel

Kanalveien 5      5068  
c/o Øyvind Ask      5937  
Marøyvegen 59

BERGEN  
BØVÅGEN